

SFO KLADDEN OKTOBER-NOVEMBER 2018

Sidan sist: Hausten går fort og det nærmar seg allereie november.

Vi har hatt mange regnværst dagar, så vi benytter gymsalen så ofte vi kan.

Spesielt 1 klasse syns det er stas å få være der og ha aktiviteter.

Vi har laga haust bilder på alle gruppene. No er og nesten alle i gang med veving, og det er ein aktivitet dei syns er veldig kjekk.

Elles feira vi FN-dagen på forskot. Då hadde vi « Bulgur», det er ein rett som er veldig vanlig i Midtøsten. Det er malte hvetekorn, som ein koker som ris, og så kan ein tilsetje kjøttdeig, kylling, tomatsaus og liknande etter ønske.

Vi dekkja langbord på kjøkkenet og barna koste seg. Alle smakte og dei fleste syns det var kjempegodt

Aktiviteter:

Denne månaden vil vi forsette med maleprosjekt. 1.klasse skal bruke klinkekuler å male med. 2.klasse skal bruke trådar. 3 og 4.klasse skal lage symmetri bilder.

Vi skal bake pepperkaker hjerter til adventskalender, og vi les eventyr frå andre land.

Obs.!! Den 08.november skal heile personalet på studietur, så skulen sluttar kl. 12.00 denne dagen. SFO held ope, men det vært med ein stab med nokre av dei faste + vikarar, slik at det vært begrensa kor mykje vi er tilgjengelig på mobil etter kl. 12.00. Fredag 09.11 og måndag 12.11 er planleggings dagar og elevfri.

Vi avsluttar november med kino på allrommet.

Praktisk:

Husk å merke luer og vottar, slik at det blir litt lettere å finne eigar.

Sjekk og at det er nok byte klede og varme klede no til vinteren .

Ha ein fin november månad!

Vennleg helsing

For SFO Irene Ormevik